



Det var kuling i kastene i meir enn ein forstand då det vart arrangert idrettsmerkeprøve på Heio i ettermiddag. 60.meteren og lengde vart nokonlunde greitt avvikla men så kom ei skikkeleg byge utanat den øydela prøvene. Det skal meir til for å spolera merkeprøvene til sprekingar som har gjennomført slikt opptil 40 gonger!

Det har Steinar Kroka, ein av 5 som møtte fram denne gongen. Men Vivik Rimestad låg ikkje langt etter, ho tek no merket for 33. gongen. Dei 3 andre var Ingrid Kroka, Sidsel Stigum og Kjersti Bråtun. Målet er å slå fjorårsnoteringa som var 13 merketakarar etter ein auke med 3, men framleis er det langt att til glansdagane då dei var heilt oppe i 37. På biletet er Sidsel Stigum, Kjersti Bråtun, Ingrid Kroka og Steinar Kroka

Foto. Ola Matti Mathisen